


Grenseendringar etter inndelingslova

Volda, 25. august 2016




Endring av kommunegrenser

- Tre måter å endre kommunegrenser på etter inndelingslova
 - 1. Samanslåing
 - 2. Deling
 - 3. Grensejusteringar
- Alternativa nr. 1-3 følgjer ulike sakshandsamingsreglar og har ulike økonomiske føresetnader



Samanslåing



- To eller fleire kommunar slår seg saman og etablerar ein ny kommune.
- Ved samanslåing omfattes i utgangspunktet kommunen i sin heilskap. Men! Det kan gjerast grensejusteringar samstundes jf. inndelingslova § 3, 2. ledd bokstav b
- Figur: samanslåing, 6 kommunar blir til 5



Deling

1. Ein kommune blir delt i to eller fleire delar og det vert etablert nye kommunar.
2. Ein kommune blir delt i to eller fleire delar som blir lagt til andre kommunar og det vert etablert nye kommunar.


Figur: deling, fra 5 til 4 kommuner



Grensejustering

- Det skjer ei justering av kommunegrenser slik at ein mindre del av kommunen flyttast over til ein annan kommune men det dannes ikkje nye kommunar.
- Mindre del: opptil 10 % av befolkninga = grensejustering. Maksimalt 25 % av befolkninga. Skjønnsmessig vurdering*.

Figur: grensejustering



* Relevante moment i den skjønnsmessige vurderinga kan til dømes vere:

- Folketal
- Areal
- Topografiske forhold
- Geografi
- Kommunikasjonsforhold
- Plangrunnlag




Sakshandsaming etter inndelingslova

- **Samanslåing** og **deling** følgjer same sakshandsamingsspor:
 - Same reglar for gjennomføring, jf. inndelingslova kapittel VI.
 - Initiativrett ligg berre hos kommunestyret jf. inndelingslova § 8, 2. ledd.
 - Avgjerdskompetanse ligg hos Stortinget jf. inndelingslova §§ 4 og 5.
- **Grensejustering** følgjer eit anna sakshandsamingsspor med enklare prosess.
 - Initiativrett gjennom innbyggerinitiativ jf. inndelingslova § 8, 1. ledd.
 - Avgjerdskompetanse ligg hos fylkesmannen/departementet jf. inndelingslova § 6.



Innbyggjarinitiativ etter inndelingslova

- Innbyggjarar, grunneigarar og næringsdrivande i ein kommune kan fremje innbyggjarinitiativ etter inndelingslova § 8.
- Initiativretten gjeld berre grensejusteringar.
- Søknad om grensejustering skal settast fram for fylkesmannen.
- Søknad skal vere skriftleg, grunngjeve, innehalde forslag til nye grenser, illustrert ved kart (helst offentleg godkjende kart).



Saksgong ved innbyggjarinitiativ om grensejusteringar:

- Fylkesmannen skal kome med si tilråding til Kommunal- og moderniseringsdepartementet om kommunestruktur i Møre og Romsdal basert på ei heilskapleg vurdering innan 1. oktober 2016.
- I vårt arbeid med tilrådinga vil eventuelle grensejusteringar vere ein del av denne heilskaplege vurderingen. Fylkesmannen vil orientere kommunane om eventuelle innbyggjarinitiativ om grensejustering.
- Dersom det er aktuelt med vidare opplysning av saka vil fylkesmannen ta nærmare kontakt med kommunen.



Fellesnemnda


Volda, 25. august 2016



Inndelingslova § 26 - fellesnemnd

Fellesnemnda skal:


planlegge, forberede og samordne aktivitet i samband med iverksetting av ny kommune



Inndelingslova § 26 - fellesnemnd

Når?

- Fellesnemnda kan opprettast når det er vedtatt å slå saman to eller flere kommunar, dvs. tidlegast når Stortinget har handsama søknaden og det evt. er gjennomført felles kommunestyremøte
- Førebels fellesnemnd?
- Funksjonsperioden for fellesnemnda opphører når den nye kommunen er konstituert (jf. inndelingslova § 27)



Fellesnemndas sammensetning


Kven og kor mange?

- Minimum tre medlemmer frå kvar kommune i nemnda
- Like mange frå kvar kommune eller forholdsmessig fordeling?
- Storleik: fellesnemnda skal vere eit effektiv organ
- Medlem (og varamedlem) til fellesnemnda velges av og blant medlemmar i kommunestyra.
- Fellesnemnda vel sjølv leiar og nestleiar.



Fellesnemnda som folkevalt organ

- Fellesnemnda er å sjå som eit folkevalt organ jf. inndelingslova § 26, 1. ledd og koml. § 29
- Reglane for val og sakshandsaming i kommunelova kapittel 6 gjeld
- Val kan skje som forholdsvalg etter lister (jf. koml. § 36) eller avtalevalg (jf. koml. § 38a)
- Kravet om kjønnsmessig balanse gjeld



Møte- og talerett i fellesnemnda

- Ordførar jf. koml. § 9
- Administrasjonssjef jf. koml. § 23
- Tilsette koml. § 26
- Leiar av kommuneråd koml. § 77

Ovanfornemnte frå begge kommuner har møte- og talerett i fellesnemnda jf. inndelingslova § 26, 7. ledd

Møter er i utgangspunktet åpne for publikum (jf. koml. § 31)



Forholdet mellom fellesnemnda og kommunestyret

Kommunestyra avgjer kva oppgåver og fullmakter fellesnemnda skal ha

- Fellesnemndas fullmakter skal drøftes i felles kommunestyremøte jf. inndelingslova § 25.
- Arbeidsoppgaver og fullmakter fastsettes i reglement som vedtas av begge kommunestyra.
- Førebuande arbeid for iverksetting av den nye kommunen
- Fellesnemnda skal ikkje gripe inn i drifta til dei eksisterande kommunane




Fellesnemndas fullmakter og arbeidsoppgaver

- Førebuande arbeid med **økonomiplan og budsjett** for første driftsår i den nye kommunen
- Fellesnemnda *skal* gje fråsegn til departementet om årsbudsjett og økonomiplan for kommunane
- Kommunestyra avgjer kva andre oppgåver og fullmakter nemnda skal ha
- Praktisk å avklare korleis og kor ofte fellesnemnda skal orientere kommunestyra om sitt arbeid
- Budsjett for fellesnemnda



Fellesnemdas fullmakter og arbeidsoppgaver

- Omfang av fellesnemnda sine fullmakter?
 - Treffe vedtak i enkeltsaker/saker som ikke er av prinsipiell art evt. delegere vidare slik mynde til arbeidsutval
- I kva grad fellesnemnda skal kunne inngå avtaler på vegne av den nye kommunen?
- Vidareføre/reforhandle interkommunalt samarbeid
- Tilsette personale i den nye kommunen (også administrasjonssjef og revisor) jf. inndelingslova § 26, 5. ledd



Arbeidsutval

- Rettsleg heimel: inndelingslova § 25, 1. ledd bokstav e jf. § 26, 6. ledd
- Fellesnemnda avgjer kor store fullmakter eit arbeidsutval skal ha
- Fellesnemnda kan gje arbeidsutvalet mynde til å gjere vedtak i enkeltsaker/saker av ikkje prinsipiell karakter
- Arbeidsutvalet handsamer saker før dei vert lagt fram i fellesnemnda
- Arbeidsutvalet har ansvar for løpende koordinering av politiske og administrative prosessar



Partssammensatte utval (PSU)

- Rettsleg heimel: inndelingslova § 25, 1. ledd bokstav e jf. § 26, 2. ledd
- Kan til dømes bestå av medlemmar frå fellesnemnda og tillitsvalte
- PSU skal handsame/gje uttale til saker som gjeld forholdet mellom den nye kommunen som arbeidsgivar og dei tilsette, til dømes:
 - Prosess for tilsetting av prosjektleiar/ny rådmann/øverste administrative ledelse
 - Hvordan tillitsvalgte skal involveres på en god måte i prosessen, utarbeidelse av retningslinjer, planer



Lovlegkontroll av fellesnemnda sine avgjerder

- Koml. § 59 om lovlegkontroll gjeld tilsvarende for avgjerder treft av fellesnemnda
- Tre eller fleire medlemmar i fellesnemnda eller i dei ulike kommunestyra, kan krevje lovlegkontroll
- FM/departementet kan ta opp ei sak på eige initiativ

